



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	17.03.2015
Tid:	13:30 – 17:40

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Per Kristian Furø	MEDL	AP
-------------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V
Ole Brubakk	Camilla S. Hermansen	KRF

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Sekretær Hilde B. Skinnes
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Planleggar Hallvard Rusten
Skatteoppkrevjar Jan Driveklepp
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Leiar for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen
Personalleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.

Det møtte 6 medlemer og 1 varamedlem, fulltalig

Camilla S. Hermansen fekk permisjon frå kl. 16.15 etter handsaming av F-sak 61/15.
Vara Ole Brubakk møtte.

Eit samrøystes formannskap sette F-sak 65/15 på saklista og handsama sakene i slik rekkefylgje:
F-sak 59/15, F-sak 54/15-64/15, 52/15, 53/15, 65/15, 50/15, 51/15.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valde:
Olaug Andreassen og Kjell Runde

Til slutt i møte orienterte ordføraren om referatskrivet: Jubileumsåret 2015 – markering knytta til andre verdskrig.

Skriv delt ut i møte:

F-sak 65/15

F-sak 50/15

F-sak 51/15

Olaug Andreassen

Arnulf Goksøyr
underskrifter

Kjell Runde

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 46/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/15	Protokoll frå førre møte
PS 48/15	Delegerte saker
PS 49/15	Referatsaker
PS 50/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 51/15	Søknad om startlån – U.off. §13
PS 52/15	Ny søknad om utlysing av stilling PPT
PS 53/15	Utlysing av stilling innen barnevern
PS 54/15	Mission Possible 2015 - betre samordning av tenester for barn i risiko på Sunnmøre - vidareføring av partnerskapet
PS 55/15	Detaljreguleringsplan for Stokksund gnr. 5 bnr. 1 mfl. - oppstart av planarbeid
PS 56/15	Hovudplan vassforsyning Herøy kommune med hovudvekt på organisasjonsstruktur
PS 57/15	Prioritering av samferdselsprosjekt 2015
PS 58/15	Overtaking av forvaltningsansvar for verneområda i Herøy kommune
PS 59/15	Områdereguleringsplan Fosnavåg hamn - handsaming etter avgrensa høyring
PS 60/15	Detaljregulering for Eggesbøjorda område F/K/O - Slutthandsaming.
PS 61/15	Detaljregulering for Huldal aust - slutthandsaming
PS 62/15	Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Slutthandsaming
PS 63/15	Skatterekneskapen 2014
PS 64/15	Ny brannstasjon i indre Herøy - ombygging av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2
PS 65/15	Ny vurdering av vakanse i personal- og organisasjonsavdelinga 2015

Referatsaker

- RS 10/15 Jubileumsåret 2015 - markeringer knytta til andre verdenskrig.
- RS 11/15 FV 654 Skarabakken - strakstiltak - budsjettvedtak
- RS 12/15 Forskottering av undergang Frøystadtoppen - budsjettvedtak

PS 46/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 47/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 48/15 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Ingen delegerte saker til dette møtet.

PS 49/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 50/15 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 51/15 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 52/15 NY SØKNAD OM UTLYSING AV STILLING PPT

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho i førre behandling av saka, som Hovedverneombud, hadde skrive under på ein uttale frå tillitsvalde. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

Skuleavdelinga får løyve til å tilsetje rådgivar i 50% stilling ved PPT.

PS 53/15 UTLYSING AV STILLING INNEN BARNEVERN

Møtebehandling:

Leiar for barne, familie og helse Inger Marie Tofthagen møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

1. Stillinga som barnevernkonsulent ved avdelinga Barn-, familie- og helse vert utlyst snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

PS 54/15 MISSION POSSIBLE 2015 - BETRE SAMORDNING AV TENESTER FOR BARN I RISIKO PÅ SUNNMØRE - VIDAREFØRING AV PARTNARSKAPET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

- 1) Herøy kommune vidarefører partnerskapet *Mission Possible* med sikte på betre samordning av tenester for barn i risiko.
- 2) Rådmannen oppnemnar kommunal kontaktperson for nettverket – frå einingsleiarnivå.
- 3) Eigenandelen på kr 35 736,- (kr 4,- pr innbyggjar og 8.934 innbyggjarar) vert finansiert frå konto 14900 reserverte bevilgningar/avsetningar ansvar 1011 funksjon 100. Denne kontoen vil då ha ein restsaldo på kr. 4 264,-.
- 4) Finansiering frå 2016 vert å kome tilbake til.
- 5) Kommunen føreset at øvrige aktørar i partnerskapet forpliktar seg til medfinansiering av satsinga.

PS 55/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND GNR. 5 BNR. 1 MFL. - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Stokksund.

PS 56/15 HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE MED HOVUDVEKT PÅ ORGANISASJONSSTRUKTUR

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Herøy Vasslag. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav e.

Planleggar Hallvard Rusten orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

Formannskapet tek førebels det utarbeidde framlegget til ny hovudplan for vassforsyninga, sist endra 20.02.2015, til vitande og vedtek at det med grunnlag i denne planen vert starta opp ein prosess med sikte på samanslåing av dagens vasslag/-verk til eitt felles vassverk.

Før det vert gjort endeleg vedtak om mål og prosess skal planframlegget sendast på høyring til involverte partar med sikte på å få innspel/merknader i høve den foreståande prosessen.

PS 57/15 PRIORITERING AV SAMFERDSELSPROSJEKT 2015

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte og svarte på spørsmål.

V, Henry Jøsokbakke kom med framlegg om å flytte prioritet 5 Dragsundbrua under Mindre utbetringar (bruer) til prioritet 3 under Store regionale prosjekt.

Tilrådinga frå rådmannen med framlegget frå Henry Jøsokbakke vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei einskilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesveggar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband
2. Rovdefjordsambandet
3. Dragsundbrua

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg til Sandvika

Gang og sykkelveggar (G/S)

1. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken

- 2.Frøystad- Torvik
- 3.Sandvika – Raftenes
- 4.Moltustranda
- 5.Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

PS 58/15 OVERTAKING AV FORVALTNINGSANSVAR FOR VERNEOMRÅDA I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Kommunestyret oversender svar til Miljødirektoratet om at kommunen ikkje ynskjer å ta over forvaltningsansvar for verneområda i kommunen, men at dette vert liggande til fylkesmannen.

PS 59/15 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOSNAVÅG HAMN - HANDSAMING ETTER AVGRENSA HØYRING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 2.3.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kap. VI innan tre veker frå kunngjering.

PS 60/15 DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA OMRÅDE F/K/O - SLUTTHANDSAMING.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr. 38 bnr. 2 m. fl - området F/K/O» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, datert 17.09.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 61/15 DETALJREGULERING FOR HULDAL AUST - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ektefelle er i forhandlingar med Bergsøy idrettslag om kjøp av delar av området. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL §6, 2. ledd.

Margaret Leinebø reiste habilitetsspørsmål då sambuar er tiltakshavar. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL, 1. ledd, bokstav c.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, «Detaljreguleringsplan for Huldal aust» med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 17.02.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 62/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 03.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

PS 63/15 SKATTEREKNESKAPEN 2014

Møtebehandling:

Skatteoppkrevjar Jan Driveklepp møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2014 til vitande.

PS 64/15 NY BRANNSTASJON I INDRE HERØY - OMBYGGING AV KOMMUNENS EIGEDOM NEDRE DRAGSUND 2

Møtebehandling:

Eigedomsléiar Robert Myklebust møtte og svarte på spørsmål.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.03.2015

1. Kommunestyret godkjenner Rådmannens forslag til ombygging av deler av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til brannstasjon for Herøy brannvern.
2. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde investeringsmidlar for Myrvåg omsorgssenter på kr. 250 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.
3. Kommunestyret omdisponerer allereie løyvde planleggingsmidlar for brannstasjon i indre Herøy på kr. 300 000 til ombygging av Nedre Dragsund 2.
4. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

5. Kommunestyret opphevar formannskapetets vedtak i F-sak 95/14 om utbygging av brannstasjon på gnr. 45 bnr. 110 og gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen i tråd med gjeldande retningsliner for sal av næringstomter.

PS 65/15 NY VURDERING AV VAKANSE I PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA 2015

Møtebehandling:

Personalleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth møtte.

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål då ho i førre behandling av saka, som Hovudtillitsvald, hadde skrive under på ein uttale frå tillitsvalde. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, bokstav a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2015

1. 100% stilling ved personal- og organisasjonsavdelinga kan lysast ut snarast råd.
2. Rådmannen får fullmakt til å gjere dei budsjettendringane som fylgjer av saka.

MØTET SLUTT!